

Stortingsvalg 2025

Evalueringsrapport



Senterpartiet
Oppland

Innhold

Innledning	2
1. Trendar og forklaringar på valet.....	2
2. Mål og strategi.....	3
3. Organisering og samhandling	3
4. Kommunikasjon i tradisjonelle medium	3
5. Kommunikasjon i sosiale medium	4
6. Oppsummering og vegen vidare.....	4

Innledning

Valkamputvalet bestod av: Marit Sletten (leiar), Asbjørn Stensrud (nestleiar), Frode Rolandsgard, Kjersti Bjørnstad (2. kandidat) og Bengt Fasteraune (1. kandidat). Sekretær var fylkessekretær Camilla Aaseth. Elin Marie Sveen var leiar for senterungdommen og deltok noko i møter med Marit og Camilla ang senterungdommens skulevalkamp og tiktok-konto for Oppland Sp. Valkamputvalet hadde møte fast kvar måndag april-september. I løpet av sommaren vart heile lista med kandidatar kopla på slik at heile lista kunne delta.

Strategien for valkampen var kort og grei: bruke heile laget vårt til å fremje bodskapa våre. Spesielt listekandidatar og ordførarar var kontakta og oppmoda om å produsere film og innlegg til sosiale og tradisjonelle media. I tillegg ynskte vi at lokallaga dreiv valkamp i sine kommunar. Bodskapa var kjente Senterpartisaker: Tenester nær folk, beredskap, nei til EU/EØS, ja til billigare barnehage og SFO m.m. Målet var å fortsetje med to på tinget med Bengt og Kjersti.

Evalueringa her er eit samandrag etter at evaluering av valet var gjennomført både i valkamputvalet og i fylkestyret. Vi har i tillegg svart på spørsmål og delteke i intervju med det sentrale evalueringsutvalet.

1. Trendar og forklaringar på valet

- Ein del nasjonale trendar trefte Oppland med stor kraft.
- Sp mista misnøyeveljarane til Frp.
- Trygve tapte truverd som finansminister i ei krevjande tid.
- Regjeringsslitasje og taktisk stemming til fordel for Ap svekka Sp.
- Saker kom for seint frå sentralt (t.d. skatteplan 2. september).
- Låg deltaking frå lokallag i førebuingssmøte om valkampen i apil/mai.

- Reverseringar av blå-blå politikk gav lite mobiliseringseffekt, tiltross for at Sp i regjering har lukkast med å snu mange av sakene.
- Manglande lokal siger i rovdyrpolitikk.
- Valgomatar viste små skilnader mellom parti.

2. Mål og strategi

Mål: 2 stortingsrepresentantar – ikkje nådd.

Strategi: Bruke heile laget – dette lukkast ikkje.

Hovudutfordringar:

- Låg deltaking frå kandidatar og lokallag.
- Vanskelege konfliktliner mellom nasjonal og lokal politikk. Nasjonalt ynskte at vi spelte på H og FrP som motstandarar, medan Ap er det største konkurrenten både i kommunar og i fylket i Oppland/Innlandet.
- Ingen valturné i august/september for å sikre besøk i alle lokallag. Tidsbesparande mtp planlegging, men gav da ingen initiativ til lokallaga for å tenkje på val?
- Vi er usikre på effekten av bedriftsbesøk. Hadde litt av det i år. Uttelling?
- Delvis godt mediearbeid, men svak deltaking i sosiale medium.

3. Organisering og samhandling

- Fleksibel reiserute gav ujamn dekning mellom kommunane.
- Valgkamputvalet fungerte godt med korte, hyppige møte (kvar måndag april-september)
- Betre koordinering med sentralt nødvendig.
- Lokallaga treng tydelege opplegg og tidlegare involvering.
- For dei lokallaga som vaknar seint må fylkeslaget ha litt materiell på lager. Den rekninga må fylket ta.
- Samarbeid med senterungdommen fungerte bra. Skulevalkamp og sammarbeid med dei må også starte tidleg.
- Sentralleddet hadde ei som sjef for valkamp. Dette fungerte bra. Fekk mange tips av ho.

4. Kommunikasjon i tradisjonelle medium

- Lokale saker og personfokus fungerer best.
- Media utfordrar lite, det er få politiske journalistar igjen.
- EU/EØS og skattepolitikk var vanskeleg å sette på dagsorden.
- Oppslag som kom, var truverdige og kunnskapsrike, med enten eit sterkt personfokus eller fokus på konkret prosjekt.

5. Kommunikasjon i sosiale medium

- Video fungerer best, særleg på Facebook, og betalt annonsering på gode postar fungerer.
- Til stades på TikTok takke vera senterungdommen.
- Treng kontinuerleg innhald mellom val.

6. Oppsummering og vegen vidare

Læringspunkta frå 2023 var:

- *Seine utspel frå sentralt*
- *Dårleg kommunikasjon mellom sentralt og kanidater*
- *For lav aktivitet på sosiale media (...)*

Dette ser vi er noko som går att i 2025. Difor viktigare enn nokon gong at dette blir teke på alvor inn i valåret 2027.

- Start tidlegare med mobilisering for å sikre at lokallaga blir med.
- Tidleg og tydeleg støtte til lokallaga.
- Sosiale medium må vere ein heilårsaktivitet.
- Meir frimodige budskap – vi er ofte så «skikkelege». Kan vi spissformulere oss meir for å ta meir plass?
- Betre timing av nasjonale utspel der ein i større grad tek inn over seg høg førhandsrøysting.
- Korleis kan Senterpartiet støtte våre folkevalde i rolla si? Det er krevjande å vere folkevald.